



## Internship Abroad: Japan og Rikkyo University

Utveksling til Rikkyo University må gjennomførast i ein kombinasjon med eit internship gjennom kurset Internship Abroad. NHH har inngått ein avtale med [the Norwegian Chamber of Commerce in Japan](#) om internship-plassar for NHH-studentar i deira medlemsbedrifter. Bachelorstudentar kan delta i vårsemesteret og masterstudentar kan delta i haustsemesteret. Ver merksam på at internshipet er ubetalt.

Studentar som deltek i programmet vil gjennomføre internship på minimum fire veker, fulltid, i forkant av utvekslingssemesteret ved Rikkyo University. Haustsemesteret byrjar i midten av september og vårsemesteret byrjar i april. For å søkje om studievisum etter internshipet må du forlate Japan og reise til eit anna land, til dømes Sør-Korea, og du må såleis hugse å berekne tid til reisa.

Kurset er ein del av Internship Abroad kurset og krev at du deltek på ein obligatorisk pre-departure workshop. Les meir på [våre nettsider](#).

### Korleis søke

For å delta søker studentar om utveksling innan vanlege fristar og søknaden må inkludere eit eige motivasjonsbrev retta mot internshipet, i tillegg til det vanlege motivasjonsbrevet retta mot utveksling. Kva medlemsbedrift ein student vil få internship i vil avhenge av vedkomande sine erfaringar og interesser, og kva medlemsbedrifter som ynskjer interns i det aktuelle semesteret.

Dersom du mottar eit tilbod og takkar ja, vil vi vidaresende CV og motivasjonsbrev til the Norwegian Chamber of Commerce in Japan og dei vil ta kontakt med deg.